



Arkivnr: 2014/23795-1

Saksbehandlar: Nils E Grude

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato
Klagenemnda	09.12.2014

Klage på avslag om søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Solstadvegen til Fv 47 i Sveio i Sveio kommune

Samandrag

Det vert søkt om utvida bruk av avkjørsle til to bustadeiningar til Fv 47 frå Solstadvegen som munnar ut i same krysset som fører inn til Sveio sentrum om ein kjem frå aust. I rammeplan for avkjørsler ligg Fv 47 i raud sone, strengaste haldningsklasse. Krysset vil bli gjort breiare for å få ekstra svingefelt inn til Sveio sentrum, og dermed gjere kryssing av vegen for fotgjengarar mindre trafikksikker enn i dag.

Sveio kommune godkjenner rammeløyving for bygging av dei to bustadeiningane utan at det først er tatt kontakt med Statens vegvesen om det er mogleg å få godkjent utvida bruk av avkjørsla.

Statens vegvesen avslår søknad frå tiltakshavar om utvida bruk av avkjørsla med bakrunn i strengaste haldningsklasse for Fv 47 når det gjeld avkjørsler, vanskeleg kryssing av Fv 47 for gående i gjeldande kryssområde som ville kunne bli kryssningspunkt for born på veg til sentrum med skule og idrettsanlegg.

Fylkesrådmannen er samd i argumenta frå Statens vegvesen om ikkje å opne for utvida bruk av avkjørsle til Fv 47 frå Solstadvegen. Eg tilrår difor at Klagenemnda avslår søknaden frå tiltakshavar om utvida bruk av avkjørsla til Fv 47.

Fylkesrådmannen har i denne saka generelle merknader til kommunane sine sakhandsamarrekkefølgje og sakhandsamingsrutinar i samband med søknader om frådeling og byggesaker der veginteresser inngår.

Forslag til vedtak

Klagenemnda viser til at søknaden om utvida bruk av eksisterande avkjørsle til Fv 47 frå to nye bustadeiningar gjeld ei avkjørsle som etter godkjent Rammeplan for avkjørsler og byggegrense ligg i strengaste kategori. Klagenemnda avslår difor søknaden frå Odd Bjelland om å knytte seg til den eksisterande avkjørsla til Fv 47 for to bustadeiningar på gnr. 40 bnr. 1 i Sveio kommune av trafikktryggleiksomsyn.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Klage på avslag om søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Solstadvegen til Fv 47 i Sveio
i Sveio kommune - vedlegg

Fylkesrådmannen, 27.11.2014

Statens vegvesen sender i brev av 24.10.14 klage på avslag om søknad om utvida bruk av avkjørsle til Fv 47 for to nye bustader på gnr. 40 bnr. 1 i Sveio kommune over til avgjerd i klagenemnda i Hordaland fylkeskommune (sjå vedlegg).

Bakgrunn for saka

Hovudutval for teknisk/næring i Sveio kommune handsamar i møte 23.04.14 søknad om oppføring av to bustader ved Solstadvegen nær Sveio sentrum som eit rammeløyve (sjå vedlegg1). Som det går fram av saksutgreiinga ligg eigedomane i LNF-område der det ikkje er opna for spreidd bustadbygging, og tiltaket krev difor dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Hovudutvalet gjer vedtak om dispensasjon, og skriv og i vedtaket at søknad om utvida bruk av avkjørsle til Fv 47 skal sendast Statens vegvesen.

Søknad om utvida bruk av avkjørsle vert av tiltakshavar sendt Statens vegvesen 28.05.14 (vedlegg 2). I brev av 13.08.14 avslår Statens vegvesen søknaden (vedlegg 3). I brevet vert det vist til at eigedomen ligg i LNF-område i kommuneplanen og krev dispensasjon for frådeling, og at Fv 47 ligg, ifølgje Rammeplanen for avkjørsler, i strengaste kategori. Statens vegvesen viser vidare til at for å kome til sentrum av Sveio og skular må ein krysse Fv 47 det fartsgrensa er 80 km/t, og det er ikkje lagt til rette for planfri kryssing. I reguleringsplanarbeidet som pågår for denne del av Fv 47 vert det lagt opp til kanalisering av krysset for å gjere det meir trafikksikker for bilstane. Eit slikt svingefelt i Fv 47 vil gjere kryssing av vegen på dette punktet breiare og dermed meir trafikkfarleg.

Tiltakshavar ankar avslaget på søknaden av utvida bruk av avkjørsla til Fv 47 i brev av 21.08.14 (vedlegg 4). Det vert her vist til at sidan Sveio kommune først krev reguleringsplan ved 4 bustader.

Tiltakshavar viser til at husa vert liggande 150 meter frå fylkesvegen, og på grunn av terrenget såleis ikkje vil bli plaga av støy, at krysset vert lyssett, at sikten i krysset vert utbetra, at det vert busslomme rett sør for krysset, og at bustadane som ligg i Solstadvegen kan nytte ein gang- og sykkelveg med undergang under Fv 47 direkte til Sveio sentrum (sjå oversiktsbilete med innteikna gangstinett).

Statens vegvesen si grunngjeving for avslag på avkjørslesøknad

I oversendingsbrevet til Hordaland fylkeskommune frå Statens vegvesen av 24.10.14 (vedlegg 5) er det tre moment som vert veklagd: Dispensasjon frå Plan- og bygningslova, trafikktryggleik for barn sin skuleveg og avkjørslesøknaden opp mot rammeplanen for avkjørsler.

Statens vegvesen viser til at Sveio kommune har gitt dispensasjon frå Plan- og bygningslova for frådeling og oppføring av dei to bustadane. Søknaden om dispensasjon vart ikkje sendt til uttale i Statens vegvesen slik Statens vegvesen meiner det skulle vore gjort.

Statens vegvesen skriv at dei gav avslag på utvida bruk av avkjørsla til Fv 47 grunna trafikktryggleik for ungar som skal gå til skulen og til idrettsanlegg. Frå kommunen fekk Statens vegvesen, saman med vedtaket i hovudutvalet, oversendt skisse / oversiktsbilete med skisse på føreslegen skuleveg (sjå vedlagt oversiktsbilete). Statens vegvesen viser til at ungar vel kortaste veg og at vegen gang- og sykkelvegen vist til ovanfor av tiltakshavar er urealistisk.

Statens vegvesen viser til at i høve til Rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser ligg Fv 47 i strengaste kategori. I følgje rammeplanen skal vegane i prinsippet vere fri for avkjørsler, og nye avkjørsler og utvida bruk av avkjørsler, utanom til gardsdrift, skal berre godkjennast etter reguleringsplan eller etter veglova. Det vert her vist til Sveio kommune som berre krev reguleringsplan for fire eller fleire bustader.

I oversendingsbrevet går Statens vegvesen vidare med å utdjupe at rammeplanen ikkje er juridisk bindande, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggjast til grunn, og at kommunane og sokjarar skal kunne nytte rammeplanen for å finne ut kva dei kan forvente av haldning frå Statens vegvesen og fylkeskommunen ved etableringar langs vegnettet.

Fylkesrådmannen sine merknader

Sakshandsaming av frådeling og byggesaker i kommunane i høve til Plan- og bygningslova

I denne saka har Sveio kommune gitt dispensasjon i eit LNF-område der det ikkje er opna for spreidd bustadbygging. Vedtaket som her er gjort er ei rammeløyving for to bustader som normalt vert etterfølgd av eit igangsettingsløyve. Oppdelinga i desse løyvene er gjort for at tiltakshavar skal kunne orientere seg om kva kommunen og andre offentlege mynde måtte meine i saka og ikkje legge ned for mykje arbeid ved negativ tilbakemelding frå kommunen. I denne saka vert søknad om avkjørsle frå tiltakshavar sendt til Statens vegvesen i etterkant av vedtaket om rammeløyve i Sveio kommune.

Sveio kommune viser i si saksutgreiing (vedlegg 1, side 1, siste avsnitt) til at søknaden/tiltaket ikkje først er sendt på høyring til regional mynde og grunngjев dette med å vise til skriv frå Statens vegvesen av mars 2014. Det Sveio kommune viser til er eit brev frå Statens vegvesen til kommunane i Hordaland av 07.03.14, «Saksgang ved søknad om avkjørsle/dispensasjon frå byggegrense langs veg» (vedlegg 6). I siste avsnitt på første side heiter det:

«I brevet til søker kan vi også skrive førehandsuttale til søknaden etter PBL. Slike førehandsuttaler kan leggast til grunn som uttale frå vegvesenet i dispensasjonssaker etter PBL. Dersom vi ikkje har skrive førehandsuttale, eller det kjem nye saksopplysningar i saka skal vi ha dispensasjonssaker som vedkjem vårt fagområde tilsendt for uttale, jamfør PBL § 19-1.»

Kva seier så PBL 19-1 – Søknad etter dispensasjon:

«Dispensasjon krever grunngitt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjons-søknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige myndigheter viss saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8. »

Etter fylkesrådmannen sitt syn bør dette føre med seg at kommunane tar opp krava i Rammeplan for avkjørsle og byggegrenser med søker om dispensasjon før reell sakshandsaming i kommunane vert igangsett, slik at urealistiske søknader ikkje vert fremma.

Plan- og bygningslova seier i § 21-5 ein del om samordningsplikta til dei kommunale bygningsetatane. Her heiter det m.a.:

«Når tiltaket er betinget av tillatelse eller samtykke fra annen myndighet, eller når planer for tiltaket skal legges fram for slik myndighet, kan kommunen vente med å avgjøre saken inntil det foreligger avgjørelse eller samtykke som nevnt. Kommunen kan også gi rammetillatelse innenfor sitt myndighetsområde, med forbehold om at igangsettings-tillatelse ikke vil bli gitt før forholdet til andre myndigheter er brakt i orden, jf. § 21-4 fjerde ledd. Kommunen skal i tilfeller som nevnt forelegge saken for de myndigheter som følger av forskrift, hvis ikke avgjørelse eller uttalelse er innhentet på forhånd.»

Fylkesrådmannen viser her til at om kommunane følgjer opp samordningsplikta etter Plan- og bygningslova vil ein kunne unngå at det vert sett i gang ein søknadsprosess som har særsmå sjansar til å gå gjennom.

Etter fylkesrådmannen si vurdering bør kommunane på førehand syte for at regional mynde, her Statens vegvesen, får høve til å uttale seg før dei set i gang realitetshandsaming av søknader som vedkjem dispensasjon frå Plan- og bygningslova i høve frådeling og bustadbygging i kommunale organ.

Vurdering av utvida bruk av avkjørsle til Fv 47

Når det gjeld realiteten i denne saka, anke på avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle til Fv 47 frå to nye bustadeinignar på gnr. 40 bnr. 1 i Sveio kommune, er det fleire grunnar til at Statens vegvesen avslår utvida bruk av avkjørsla.

Som det framgår av saksutgreiinga ligg Fv 47 i haldningsklasse 1 (Raud), altså den strengaste klassen i rammeplan for avkjørsler.

Krysset frå Fv 47 inn til Sveio sentrum er det same krysset som avkjørsla frå Solstadvegen munnar ut i. Dette krysset vert gjort betre med nytt svingefelt frå Fv 47 inn til Sveio sentrum, noko som vil auke bredden på vegen der ein skal krysse frå Solstadvegen til sentrumssida og dermed gjere trafikktryggleiken for gåande og syklande dårligare enn i dag.

Tiltakshavar viser til alternativ veg mellom der han søker å sette opp to bustader og skule og idrettsanlegg i Sveio sentrum slik at ein kan krysse sikker under Fv 47. Som det går fram av det vedlagte oversiktbilete er dette ut frå fylkesrådmannen sitt syn eit lite sannsynleg gang- og sykkelalternativ samanlikna med ei kryssing ved omsøkt avkjørsle til Fv 47.

Fylkesrådmannen si vurdering av kvart av dei ovanforståande argumenta frå Statens vegvesen er tilstrekkeleg til å ráde Klagenemnda til å avslå søknaden av utvida bruk av avkjørsla. Den samla vurderinga frå fylkesrådmannen av trafikktryggleiken er difor å tilrå Klagenemnda å avslå søknaden.